

## Helsetilsynet i nyheitsbiletet



Søkjeorda «Helsetilsynet» og «2005» gav om lag 100 000 treff på søkjemotoren Google. I same tidsrom er søkjeordet «Helsetilsynet» nemnt i om lag 6000 store og små saker i norske media. Bokstaveleg tala er Helsetilsynet godt synleg i den norske medieverda.

Vi har ikkje gjort ein fullstendig gjennomgang av kva type saker som nemner Helsetilsynet, men vi har eit klart inntrykk av at media gir oss rikeleg merksemd både i samband med hendingsbasert tilsyn og planlagt tilsyn. Nedanfor har vi plukka nokre av alle dei hendingane som gav oss omtale i media.

I januar rapporterte NTB at Helsetilsynet var uroa over bruken av legevikarar. Bakgrunnen for uroa var ein risikoanalyse som blei laga for å påvise kritiske område innanfor allmennlege-tenesta. I nokre mindre kommunar stod bortimot 70 prosent av innbyggjarane på såkalla «liste utan lege».

I Kommunal Rapport i februar kravde Helsetilsynet at kommunane rydda opp i tenestene sine til svake grupper. Dette gjaldt i hovudsak rusmisbrukarar, men også asylsøklarar som nyleg var komne, psykisk sjuke og psykisk utviklingshemma.

I mars melde Bergens Tidende at pasientar som blei tvangsinnlagde på Sandviken sjukehus, risikerte å få sengeplass i ein korridor. Avisa fortalde at Helsetilsynet meinte at drifta ved sjukehuset kunne skade pasientane og derfor var å sjå på som uforsvarleg. Helsetilsynet gav sjukehuset pålegg om å rette på verksemda.

I april meldte Aftenposten at Helsetilsynet er lunken til kald pils og lei av at lettøl blir skvisa ut av kjøleskapa i butikkane. I ei høyringsfråsegn til Arbeids- og sosialdepartementet ønskte Helsetilsynet at butikkane måtte få pålegg om å gi begge vareslaga like stor plass i kjølediskane.

Rus er den vanlegaste årsaka til at helsepersonell mistar autorisasjonen, meldte NTB i mai. 60 helsemedarbeidarar mista autorisasjonen i 2004, og 57 fekk åtvaring. Tala låg om lag på same nivå som tidlegare år.

Troms folkeblad og fleire andre aviser og etermedia meldte at alle kommunar måtte sjekke korleis kontrollen med kjøletårna var. Helsetilsynet gav kommunane frist på ei veke til å melde tilbake om dei hadde oversyn over og førte tilsyn med moglege smittekjelder for Legionella etter at ein oppdaga legionellasmitte i Østfold. Saka rulla og gjekk i media til langt ut på sommaren.

Gjennom heile året skriv media om alle enkeltsakene som Helsetilsynet behandlar. I juni mista ein tidlegare kirurg ved sjukehuset i Østfold spesialistgodkjenninga si som kirurg, kunne vi lese fleire stader. Vedkommande hadde også arbeidd ved sjukehuset i Moss og ved Nordlands-sjukehuset, og var på det tidspunktet allereie suspendert frå stillinga si i Bodø.

Planar for helsemessig og sosial beredskap i kommunane var ein følgjetong som prega store delar av sommaren. Veke for veke melde media land og strand rundt om kva kommunar som enno ikkje hadde fått slike planar på plass trass i påbod og varsel om påbod frå Helsetilsynet.

I august da sommaren var på hell, melde VG at helsedirektøren torna mot sjukehusleiarar. Avisa kunne òg melde at Lars E. Hanssen vurderte å gi store bøter til sjukehuseigarar som ikkje retta seg etter pålegg om å følgje lova når det gjeld problemet med korridorpasientar.

Gjennom året har Helsetilsynet teke retten til å skrive ut A- og B-preparat frå fleire legar som har vore for slepphendte med å skrive ut slike preparat til rusmisbrukarar. I september sa Legeforeningen i Dagbladet at desse legane ikkje kunne rekne med å få støtte frå dei, og organisasjonen støtta dermed praksisen i Helsetilsynet.

I oktober braka «legeerklæringsaka» laus i Dagens Næringsliv. På bakgrunn av avisa sin reportasje blei det oppretta tilsynssak mot ein psykolog, ein psykiater og to andre legar. Psykologen og psykiateren blei i tillegg melde til politiet. Mediemessig blei dette klart den største saka knytt til Helsetilsynet i 2005.

Legeerklæringsaka prega også mediedekninga i november. Den aktuelle psykologen mista autorisasjonen sin i seks månader, og vedtaket blei klaga inn for Helsepesonellnemnda.

I romjula blei medieåret for Helsetilsynet sin del avslutta med ei sak om farleg urtemedisin som hadde ført til akutt nyresvikt og alvorlege skadar for ein pasient. Medisinen inneheldt ulovlege stoff, og Helsetilsynet åtvare andre pasientar som kunne ha fått medisinen.